



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

KULTUR OG FRITID
dek 23

Kultur- og kirkelep.	
Saksnr. 200800086	Dato 13.3.09
Kode. 111 - 212	Beh.....

Vår ref.
06/1415-14/K2-C00//EDHE

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 13.03.2009

HØYRING - PILEGRIMSMOTIVET SOM NASJONAL SATSING

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora Kommune hadde i møte 10.03.09 oppe til behandling utgreiinga om pilegrimsmotivet som nasjonal satsing, og vedtok då samrøystes denne uttalen:

KUOP-015/09 VEDTAK:

Uttale frå Flora kommune om "På livets vei" – utgreiing frå KKD.

Utgreiinga "På livets vei" gjer godt greie for kor viktig Selja, Sunnivalegenden og Kinn var for dei første pilegrimane. Selja var eitt av dei første pilegrimsmåla og Olav Tryggvason utnemnde Selja som ein heilag stad etter eit besøk der, den første slike staden i landet. Sunniva er den eldste norske helgen, ei kvinne. Ruinane på Selja fortel om ei viktig fortid som pilegrimsmål og heilag stad, og Kinn og Selja var viktige besøksstader for pilegrimane i middelalderen, for dei som kom i båt langs kysten.

Derfor er det skuffande at ein gjennom prosjektet med pilegrimsmotiva og pilegrimsleiene ikkje vil satse meir på desse pilegrimsmåla. Det er lagt ned eit stor arbeid for å etablere pilegrimsleia mellom Kinn og Selja og som vil gje desse to historiske stadene fleire bein å stå på som heilagstader. Denne leia må derfor få eit eige pilegrimssenter og få tildelt ei stilling som pilegrimsprest med på linje med andre slike senter.

Dei einaste godkjende pilegrimsleiene til no har Nidaros som mål og går gjennom sentrale område på Austlandet og Trøndelag. Dette er ikkje urimeleg med den betydninga som desse leiene har hatt til no og med det arbeidet som er gjort for å opparbeide desse leiene. Ein veldig stor del av den vidare satstinga på pilegrimsarbeidet er knytt opp til desse leiene.

Når nye leier no skal opparbeidast og innarbeidast, må dei få god arbeidsvilkår og god støtte. Det er i utgreiinga lagt opp til pilegrimssenter i Stavanger og i Røldal i Hordaland. Det står om Røldal at det "bør ha et samarbeid med Selje om pilegrimssted", og det er nesten heile satstinga på Selja og Kinn!

Det verkar heilt urimeleg at Kinn/Selja skal ligge under Røldal, både geografisk og historisk. Det er like langt frå Røldal til Selje, som frå Selje til Trondheim. Ei satsing på


Kinn/Selja må ta utgangspunkt i kysten, båtfarten og øyane, medan Røldal er ei fjellbygd. Dette er ei klar nedvurdering av heile den tradisjonen som knyter seg til Sunniva og heilagmenne på Selja. Det blir eit tyngdepunkt i satstinga på Sørvestlandet med Stavanger og Røldal, medan Kinn/Selja heilt fell utanom. Det rimar svært dårleg med den historiske betydninga Selja har hatt og som er understreka i rapporten.

Det blir no arbeid for å etablert ei vandrerute mellom Kinn og Selja – Sunnivaleia, med vandring ma over Bremangerlandet. I rapporten er det berre så vidt nemnt eit par tiltak knytt opp til pilegrimsarbeidet på Kinn oh Selja. Men det har i mange år vore ei rekke tiltak og arrangement som har lagt grunnen for ei vidare satsing på pilegrimsleia og Sunnivatradisjonen. Det gjeld m.a. Kinnsapalet som i år blir spelt for 25.gong og har ført 75 000 menneske til Kinn der dei har fått oppleve legenden om Sunniva som ein del av spelet! Sameleis har feiringa av Seljumannamessa på Selja lange tradisjonar. I tillegg har det i fleire år vore skuleopplegg med dagsvandring til kyrkja på Kinn og pilegrimvandringar på Selja. Det er alt bra tilrettelagd for pilegrimar på Kinn der soknerådet har teke over det gamle skulehuset som overnattings- og opphaldsplass.

I det samarbeidet og planlegginga som no er mellom Flora, Bremanger og Selje er det lagt eit godt grunnlag for å gjere leia opp langs kysten til ei levande lei. Det der eit stort potensiale for vandring til desse to måla.

Konklusjon:

Under tiltak 3 Pilegrimsprestar og tiltak 5 Regionale pilegrimssenter krev vi at Selje blir eit regionalt pilegrimssenter med ansvar for Selja og Kinn med utgangspunkt i det stadlege særpreget – kysten og øyane – og den spesielle historia, med sterke band over Nordsjøen. Få stader har òg så sterke fysiske kulturminne, heilagstader knytt opp til historia og legendene: Kyrkja på Kinn og Klosteret, og kyrkja inne i fjellet på Kinn. Og begge stader har ein sterk posisjon i pilegrimshistoria som reisemål for pilegrimar i over 1000 år. Det må derfor opprettast eit regionalt pilegrimssenter med pilegrimsprest med ansvar for desse pilegrimsmåla med særleg vekt på kysttradisjonane. I Selje er det òg lagt eit grunnlag i eit samarbeid mellom kommunen, reiselivet og Riksantikvaren. I samarbeid med den lokale gruppa som er i gang, må det satsast på rydding og merking av pilegrimsleia og opprusting av overnattingsstader og anna infrastruktur langs leia. I tillegg må heile sjøvegen mellom Stavanger og Nidaros utviklast som ei pilegrimslei.

Med helsing

Edvin Helgheim
Kultursjef

Kopi:

- Kinn Sokneråd v.Knut Magne Nesse
- Selje Kommune
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune